

514.000 kroner til fylket

LEIKANGER: Tysdag vart det delt ut 220 millionar kroner av overskotet frå tv-spelet Extra. Pengane går til frivillige organisasjonar som jobbar med helse og skal fordelast likt mellom prosjekt innan forebyggjande helsearbeid, rehabilitering og brukarner forskning. Det er ExtraStiftelsen Helse og Rehabilitering som deler ut midlane, vart det opplyst i ei pressemelding. – Dei frivillige organisasjonane i Sogn og Fjordane får 514.000 millionar kroner frå årets Extra-midlar, seier generalsekretær Anne-Kari Holm i ExtraStiftelsen. Dette er reine Sogn og Fjordane-prosjekt. Fylket er også med i prosjekt som går på tvers av fylkesgrensene. Desse midlane kjem i tillegg, med 3,2 millionar kroner. Nesten 350.000 spelar Extra kvar veke, dermed blir overskotet stort, sjølv om dei i snitt spelar for ein femtilapp kvar. Kva prosjekt i fylket som får midlar, vart offentleggjort tysdag.

Eigedomshandel i Høyanger kommune

Del av Dalevegen 17 (gnr. 62, bnr. 151) er overdregen frå Tone Huseklepp til Geir-Øyvind Hovlandsdal (21.09.2011)

Gnr. 112, bnr. 7 er overdregen for kr 830.000 frå Myren Feriehus Da til Silke Kathrin Stephan (03.10.2011)

Nicolai Beer veg 22 (gnr. 62, bnr. 226) er selt for kr 1.500.000 frå Mona Jacobsen Lykkebø til Amalie Kleive og Even Fjelde Fetten (04.10.2011)

Vikane 20 (gnr. 51, bnr. 47) er overdregen frå Audun Holten til Jolaug Holten (12.10.2011)

Overdraginga gjeld òg e.d. i Fjaler kommune

Gnr. 51, bnr. 124 er selt for kr 50.000 frå Sverre Tusvik, Kjell Johan Tusvik, Marit Tusvik og Eldri Tusvik Rosenlund til Torgeir Dale og Åslaug Hansine Dale (13.10.2011)

Gnr. 51, bnr. 124 er selt for kr 30.000 frå Sverre Haaland til Torgeir Dale og Åslaug Hansine Dale (13.10.2011)

Gnr. 67, bnr. 18 er selt for kr 650.000 frå Kåre Tynning og Gerd Tynning til Remi Hansen (20.10.2011)

Gnr. 72, bnr. 15 er overdregen frå Einar Førde til Hanna Fougner Førde og Eirik Førde (25.10.2011)

Del av gnr. 72, bnr. 9 er overdregen frå Einar Førde til Hanna Fougner Førde og Eirik Førde (25.10.2011)

Gamle Skuleplassen 9 (gnr. 36, bnr. 99) er overdregen frå Ingebrigt Brekke til Klara Petrine Brekke (26.10.2011)

(Kjelde: Statens kartverk)



MØTTE SJEFFEN: Representantar frå Prosjekt Tunsbergdalsbreen møtte presidenten i Storbritannias geografiske selskap på ein storkonferanse i F.v. Karen Weichert, Michael Palin (president), Tim Foster i Field Studies Council.

helga. Prosjektet byrjar å få godt fotfeste hjå britane.

(Alle foto: Privat)

Fekk presentera breprosjekt i godt selskap

■ Konferanse i London ■ Norsk deltaking

LONDON: Bremuseet presenterte norsk breprosjekt på ein konferanse i regi av Storbritannias geografiske selskap.

Det er Prosjekt Tunsbergdalsbreen som vart presentert på konferansen 18.–20. november i regi av Royal Geographical Society (RGS). Prosjektet er eit breovervakingsprosjekt som skal bidra til auka bevisstheit hjå ungdommar om klimaendringar. Norsk Bremuseum i Fjærland står bak, saman med dei britiske organisasjonane Brathay Exploration Group og Field Studies Council.


Byrja med idé

– Prosjektet fekk ein del merksemd, og me fekk mange nye interesserte, seier Karen Weichert.

Ho er prosjektleiar i Noreg, og det var første gong prosjektet vart presentert på konferansen Explore med norsk deltaking. Det britiske selskapet er ein kraftfull organisasjon, og vart skipa alleie i 1830. Dei britiske partnarane til bremuseet har fått stønad frå RGS, og det var inngangsbilletten til konferansen.

– Mange skreiv seg på lista Brathay hadde lagt ut. Vår ekspedisjon er den einaste i Brathay sitt program som føregår utanfor Storbritannia, seier Weichert.

Sidan 2006 har det skjedd mykje med ideen til John Price, briten som då besøkte Sogn nær 50 år etter at han deltok på ein ekspedisjon til Tunsbergdalsbreen. Tunsbergdalsbreen kunne brukast til å lære ungdommar, også i Storbritannia, meir om brear og klimaendringar, og han fekk med seg både bremuseet og fleire andre støttespelarar. No er



LEIARANE: Morgan Gibson og Jamie Pattison er leiarene for ekspedisjonen i 2012, der britiske og norske ungdommar kan vera deltakarar.

prosjektet i ferd med å bli meir etablert og kjent. Prosjektet har alleie gjennomført ein ekspedisjon til Tunsbergdalsbreen i år, og gjorde ein innsats for å rydda etter den gamle ekspedisjonen.

Kjend leiari

RGS er ein av sponsorane for

ekspedisjonen i 2012, og konferansen vart brukt til å spreia informasjon om prosjektet, presentera resultat og rekruttera deltakarar.

Presidenten i RGS er Michael Palin, godt kjend frå Monty Python. Palin er og kjend frå mange reisedokumentarar. Vise-president Paul Rose er også



UTFORSKARKONFERANSE: Explore 2011 gjekk føre seg i London, og godt over 100 deltakarar fekk høyra om mange eksotiske ekspedisjonar, deriblant til ein norsk bre.

kjend frå britisk TV og radio. Begge var i samtale med dei utsende frå Prosjekt Tunsbergdalsbreen.

Konferansen bestod av ulike føredrag om korleis ein planlegger, finansierer og gjennomfører ekspedisjonar til mål i heile verda, samt at det blei presentert mange døme på vellukka gjen-

nomførte ekspedisjonar, mange med fagleg bakgrunn innan geofag eller biologi. Ein god del ekspedisjonar hadde det til felles med Prosjekt Tunsbergdalsbreen at dei har klimaendringar som tema.

Keth Øren
keth.oren@sognavis.no

Pasientoverføringa var forsvarleg

■ Helse Førde gjorde ikkje feil

LEIKANGER: Helse-tilsynet i Sogn og Fjordane meiner at Helse Førde HF ikkje braut forsvarlegkravet i høve behandlinga av tre ortopediske pasientar.



TIL OPERASJON: Ein sjukepleiar varsla om det vedkomande meinte var ein uforsvarleg transport av eldre pasientar.

Dei vart frakta frå Nordfjord til Førde sentralsjukehus for ortopedisk operasjon.

Helsetilsynet i fylket oppretta tilsynssak mot Helse Førde helseforetak (HF) 30.08.2011, på bakgrunn av fleire bekymringsmeldingar frå ein sjukepleiar tilsett i helseforetaket.

Meldingane gjaldt behandling av ortopediske pasientar ved Helse Førde HF.

Varsla

Sjukepleiaren meiner at fleire eldre og skrøpelige pasientar med beinbrot kan ha døydd som følgje av feilbehandling, og ho peiker særleg på pasientoverføringane mellom Nordfjord og Førde sentralsjukehus, ventetid på behandling og

ein vart utskreven til sjukeheim.

Kroniske

Dei tre aktuelle pasientane hadde alle alvorleg kronisk sjukdom før dei pådrog seg brot som trengte operativ behandling i Førde. Helse-tilsynet kan ikkje slå fast at det har vore årsaks-samanheng mellom transporten og vidare utvikling av sjukdom og komplikasjonar. Dei kan heller ikkje sjå at transporten har vore medisinsk uforsvarleg.

Eli Grotle
eli.grotle@sognavis.no



TIPPE LIGAEN

Sogndal - Molde FK

Fosshaugane Campus • Søndag 27. November kl. 18.00
Me ber publikum parkere i Fjora



Billettar
Frå 100 kr i Idrettsenteret, Statoil og
www.sogndalfotball.no



Sogndalbu
Mange gode tilbud!
Utvalde T-skjorter:
50,-





